

The North Sea

Cycle Route



Utgjevinga er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune/Interreg III B-prosjektet North Sea Cycle Route og Syklistenes landsforening Hordaland i høve 5-års markeringa for opninga av verdas lengste sykkelrute: **Nordsjøsykkelruta**. Her er òg tips til andre sykkelrutar.

Hordaland på sykkel 2006



Sykkelturar 2006.
For små og store
mosjonistar.

www.northsea-cycle.com



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Syklistenes
Landsforening
www.slf.no



Sykkelturar i Hordaland sommaren 2006

20. mai: 6000 km på ein dag - 5 års jubileum for opninga av North Sea Cycle Route

North Sea Cycle Route (Nordsjøsykkelruta) er verdas lengste sykkelrute med 6000 km rundt heile Nordsjøen. Gjennom Hordaland går ruta i kystlandskap med utsyn til fjord, fjell og skjergard, i alt 145 km. Forutan eit fjellparti sør for Bergen (Fanafjellet) er ruta lite krevjande. Ruta går gjennom kommunane Sveio, Bømlo, Stord, Fitjar, Os og ender i Bergen. Ruta er skilta som nr. 1 på raude skilt, og har to ferjestrekningar samt eit brusamband (Trekantsambandet). Frå Bergen, følg skilting mot Haugesund ("Fanaruten"). Eit godt utgangspunkt er Kaigaten i Bergen sentrum. Sjå oversiktskart på baksida.

Det vert ikkje arrangert fellestur den 20. mai, men dei som vil markere jubileet med ein sykkeltur kan legge turen innom visse punkt langs ruta (sjå neste side) for å registrere seg som deltakar. Dei fem første som registrerer seg på kvar stad får ei T-skjorte med North Sea Cycle Route logo, og vert med i trekninga om fine sykkeleffektar. Registrering frå kl. 10.00. Det er også mogleg å registrere seg i etterkant ved å gå inn på "I did it" på www.northsea-cycle.com Turen blir så lang som du sjølv ønskjer. Få med deg familie, vener, treningskameratar eller kolleger og nyt våren frå sykkelsetet!

11. juni: Kulturhistorisk tur i Fana

Turen starter kl. 11.00 fra Krambua på Fjøsanger, følgjer den gamle jernbanetraseen til Nesttun, vidare til Stend og langs vestsida av Kalandsvannet. Turen passar bra for litt større barn og tar ca. 6 timar.

Vi passerer Gamlehaugen, Nordahl Grieg's fødested Wernerholm, Pedek fabrikk på Hop, samt ein avstikker til Trollhaugen. Vidare passerer vi Lagunen på fin sykkelveg og held fram til Osbanemuseet på Stend. Vidare følgjer vi Osbanetraseen forbi Kalandsvannet, der det er laga ny sykkelveg. Retur same veg frå Kalandsvannet. Fram til Stend går vegen på traseen til North Sea Cycle Route.

Heile turen er flat og blir sykla i roleg tempo. Ta med mat og drikke. Turen er gratis og krev inga påmelding. Turen vert arrangert i samarbeid mellom Syklistenes Landsforening i Hordaland (www.slf.no/hordaland) og Bergen Turlag (www.bergen-turlag.no) .

20. august: Sykkeltur til Lygra med veteranbåt

Denne sykkelturen passerer mange historiske stader. Bøkeskogen ligg ved Seim, der Håkon den Gode var gravlagd i 961. På Lygra er den gamle lynchtradisjonen tatt vare på. Vi reiser med MS Granvin til Frekhaug, så sykklar vi til Knarvik, vidare forbi Isdalstø, til Alversund og så på austsida av Radsundet like til verdas nordlegaste bøkeskog. Herfrå er det 10 km til Lyngheisenteret på Lygra. Her blir det tid til filmframvising og ein porsjon villsausuppe, kjøtsuppe av villsau med flatbrød til. Så går turen tilbake til Bergen med veteranbåten. Sykkelturen tar om lag 3,5 timar, og heile turen 7 timar. Start kl. 11.00 frå Dreggekaien. Inga påmelding. Pris kr. 325 som dekker båtturen og filmframvising på Lyngheisentret. Syklistenes Landsforening er arrangør.

Sunnhordland: Sykkelturar i øyriket og fjordriket

Med utgangspunkt i Nordsjøsykkelruta kan du òg kome deg ut i skjergarden eller inn til fjordriket i Sunnhordland og Hardanger. Turforslag i brosjyra "På sykkel i Sunnhordland" som kan lastast ned frå www.visitsunnhordland.no

Voss–Bergen/Rallarvegen: Informasjon om sykkelturar hos www.norske-bygdeopplevelser.no

Her kan du registrere deg den 20. mai:

Grand Hotell Terminus, Bergen
Lysekloster B&B, Lyseklosterveien 235, Lysekloster (Os)
Fitjar Fjordhotell, Fitjar
Grand Hotel Stord, Leirvik
Magnetten Mat, Finnås, Bømlo
Langevåg Bygdatun, Langevåg, Bømlo
HSD-ferja Buavåg-Langevåg

Nyttige sykkelinkar for tur og ferie i Norge:

www.slf.no

www.northsea-cycle.com

www.bike-norway.com

For dei som dyrkar sykkelporten:

www.sykkelekspressen.no

www.syklingensverden.com

Sjå også www.hordaland.no/sykkel



Færjeruten 1	
Haugesund	15,3
Fjøsanger	4,9
Danmarks plass	1,7
↑ Landåruten	
Birkelundstoppen	6,5
Landåstorget	4,6
Haukeland sykehus	3,2

Nordsjøsykkelruta i Hordaland
(nasjonal sykkelrute nr. 1)